

LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
20 AUG 2019	
Ark. saksnr. 19/2169	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode



Dykkar ref.:
19/2169-19/23952

Vår ref. 14840269
Sak/dok.: 19/39839-1
Ark.: 346

Dato:
16.08.2019

Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 137 bnr. 109 og 144 i knr. 1263 Lindås kommune

Vi har vurdert samanslåinga de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

Når eigedomar skal slåas saman kan det ikkje være ulike hefte på eigedomane. Dette vil føre til prioritetskollisjon. Før vi kan slå saman eigedomane må prioritetskonflikten løysast. Vi ber derfor om at det blir vedlagt originale pantedokument med påført eller vedlagt krav om sletting, pantefråfall eller prioritetsviking frå rettshavar. Av matrikkelforskriften § 43 åttande ledd, jf. matrikkellova § 18 følgjer det at samanslåing ikkje kan gjennomførast viss den vil føre til prioritetskollisjoner mellom panthavarane.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottok kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 89 98.

Venleg helsing

Lene Høibakk
saksbehandler

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

■ www.kartverket.no

Kartverket eiendomsdivisjonen, Besøksadresse: Kartverksveien 21 Hønefoss
Postadresse: Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss
Telefon: 32 11 80 00 Telefax: 32 11 88 01 E-post: tinglysing@kartverket.no Organisasjonsnummer: 971 040 238